

**Fra:** Eirik Herdlevær Søyland [Eirik.Soyland@bsj.uib.no]  
**Sendt:** 12. september 2012 09:56  
**Til:** Elizabeth Warren (Elizabeth.Jan.Warren@hfk.no)  
**Kopi:** NVE  
**Emne:** NVE-ref: NVE 201104255-12 kv/firh - Vedr. Aldal Kraft AS - Søknad om løyve til Aldalselva kraftverk i Samnanger kommune, Hordaland - høyring

## **Vedr. Aldal Krafverk AS – Søknad om løyve til Aldalselva kraftverk i Samnanger kommune, Hordaland - høyring. Forholdet til marine kulturminne.**

Me viser ti brev frå NVE dagsett 13.08. 2012.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved det omsøkte utbyggingsområde rundt Aldalselva kraftverk i Samnanger kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me registrerar at nyare tids kulturminne som sag/kvern ikkje vert råka av tiltaket.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

For stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Eirik Søyland  
Saksbehandlar Marinarkeologi  
55 54 96 04  
marinarkeologi@bsj.uib.no